

Elevråd 03.05.19

Til stades: Marius, Tord, Hilde, Serine og Lars

Sak 13/19: Innspel til "Trafikksikkerhetsplan":

Elevane føler seg utrygge når dei sykklar langs vegen frå Tjørhom til sykkelstien ved GP. Her er det mykje tungtrafikk, og høg fartsgrense. Om det ikkje er mogleg å få til sykkelsti, så hadde ein utvida vegskulder hjelpt veldig.

I tillegg er det ønskeleg med skilting ved Grendehuset og ved GP om at bilane må ta omsyn til mjuke trafikantar langs vegen.

På vegstrekninga Fidjeland – Kvæven er fartsgrensa høg, og det kan vera skummelt å sykla denne strekninga. Eit alternativ for sykkelsti, er å grusa opp vegen via Deg skikkeleg slik at det er mogleg å ferdast lett med sykkel.

Fartsdumpar og tydelegare skilting at det er skule ved Sinnes skule.

Sak 14/19: Leikeapparat til Sinnes skule

Viss storleik og utfordringsgraden på føreslått klatrestativ er låg, er det heller ynskjeleg at pengane går til noko anna enn eit klatrestativ. Elevrådet peikar på at dette stativet skal ha ei viss vanskegrad, slik at det skal vera utfordrande å klatra der òg for dei eldste elevane.

Alternativ til klatrestativ:

- Pump track med hopp. Dette er ein sykkelbane som har ei oval form, sjå vedlagt bilete.
- Dissestativ som fleire kan dissa på samtidig, i ein runding (lik som på Tonstad skule).

Ulike typer pumptrack – kan lagast, eller kjøpast i modular.



